

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Arve Helle (A) har stilt følgjande spørsmål:

*«Skipsverftet New Havyard Ship Technology i Hyllestad har varsla nedbemanning med ca 100 tilsette i løpet av neste år. Dette rammar hardt i ein liten kommune som Hyllestad med ca 1300 innbyggjarar. Vi snakkar om eit tap av arbeidsplassar som tilsvarar 7-8 prosent av innbyggartalet. Til samanlikning ville noko tilsvarande utgjort ca 1700 arbeidsplassar i ein kommune som Sunnfjord.*

*Utover dei direkte arbeidsplassane kjem det også store ringverknadar for leverandørindustrien rundt verftet. I tillegg til butikkar, hotell osv i Hyllestad, har også bedrifter som Maritime Montering i Sunnfjord og Askvoll Skiltgraving i Askvoll varsla at dette vil få store konsekvensar for deira verksemd. Det er også mange tilsette ved verftet som bur i nabokommunane, så her vert heile regionen - men sjølvsagt Hyllestad spesielt - hardt råka.*

*Ordføraren og det øvrige næringslivet i Hyllestad er allereie på bana og ønskjer å komme i gong med omstillingsarbeid snarast.*

*Fylkeskommunen har ei rolle som regional utviklingsaktør og er ein viktig samarbeidspartnar for kommunane rundt omstilling. Vil fylkesordførar og fylkesrådmann ta tak i saka og gå i dialog med Hyllestad kommune for snarast mogeleg å komme i gong med omstillingsarbeid for å avgrense verknadane av nedbemanninga ved skipsverftet i Hyllestad?»*

Fylkesordføraren er klar over den vanskelege stoda i Hyllestad, og eg konstaterer at fylkesdirektøren for innovasjon og næring har kontakt med Hyllestad kommune. Ordføraren i Hyllestad har invitert til eit orienterande møte/innspelsmøte, og fylkesdirektøren vår har meldt tilbake at vi er særst opptekne av stoda i Hyllestad. Administrasjonen vår er no i gong med å bu seg på det som fylkeskommunen kan bidra med. I samband med dette samrår vi oss med m.a. Innovasjon Norge og NAV. Hyllestad har vore omstillingskommune tidlegare, og vi ser no på kva røynsler frå dette omstillingsarbeidet som vi ev kan dra veksler på i det arbeidet som vi no har framfor oss. Det ligg i fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag å samle ulike aktørar til innsats, for å samordne offentleg innsats og virkemidlar. Vi samlar no ei gruppe med fagfolk som m.a. skal arbeide opp mot Hyllestad og utfordringane der. Dette samtidig som vi gjer naudsynte avklaringar på leiarnivå blant samarbeidspartnarane våre. Vi kjem då snøgt inn på problemstillingar kring økonomiske midlar, då eit godt omstillingsarbeid fordrar midlar. Vi må i den samanhengen utfordre både oss sjølve, samarbeidspartnerane våre og ikkje minst sentrale styresmakter. Vi er også i kontakt med andre kommunar som har utfordringar, og vi reknar med å høyre frå fleire kommunar etter kvart. Fylkeskommunen skal ta godt i mot dei henvendelsane som kjem, og vi formar no eit opplegg for korleis vi og samarbeidspartnerane våre skal arbeide godt med dei problemstillingane som no melder seg.